



AMMONIUMNITRAT HAR NYE VARENUMMER I TOLLTARIFFEN

Importerer verksemda di ammoniumnitrat? Eller er ho ansvarleg for tolldeklarering? Då må du vite at det frå 1. januar 2013 er innført nye varenummer for ammoniumnitrat i tolltariffen.



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Besøksadresse:
Ramborgveien 9
Telefon 33 41 25 00
Telefaks 33 31 06 60
postmottak@dsb.no
www.dsb.no

B



Retur

Direktoratet for
samfunnstryggleik og beredskap

Postboks 2014
3103 Tønsberg

Målet med dei nye varenummera er å gje styresmak-
tene betre oversikt over innførsel av stoff og stoffblan-
dingar som inneheld 16 vektprosent eller meir nitrogen
frå ammoniumnitrat. Dette er eitt av mange tiltak for å
hindre at kjemikalier som kan brukast til å lage bomber
hamnar i urette hender.

Tidlegare varenummer 31.02.3000 – ammoniumni-
trat, også i vasshaldig oppløysing, er no delt i tre nye
varenummer.

Utdrag frå tolltariffen 2013

31.02 Nitrogengjødsel, mineralsk eller kjemisk.

- ammoniumnitrat, også i vasshaldig
oppløysing:

.3001	• som inneheld minst 16 vektprosent nitrogen frå ammoniumnitrat, til gjødsel
.3002	• som inneheld minst 16 vektprosent nitrogen frå ammoniumnitrat, til anna føremål enn gjødsel
.3009	• elles*

* Stoff eller stoffblandingar som inneheld mindre enn
16 vektprosent nitrogen frå ammoniumnitrat

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
(DSB) skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i
samfunnet. Vi skal vere pådrivar i arbeidet med å
førebyggje ulukker, kriser og andre uynskte
hendingar. Vi skal syte for god beredskap og
effektiv ulukkes- og krisehandtering.

DSB er underlagt Justis- og beredskaps-
departementet.

Når det gjeld sprengstoff som inneheld ammoniumnitrat,
er det tilarbeidingsgraden som avgjer kva for eit vare-
nummer det skal førast på. Varenummer 31.02.3002 skal
brukast dersom råvara inneheld minst 16 vektprosent
nitrogen frå ammoniumnitrat. Dersom det er å rekne som
tilverka sprengstoff, er det varenummer 36.02.0000 som
skal brukast.

Bakgrunn:

EU har som eit ledd i kampen mot terror innført avgren-
singar på kven som kan få tilgang til stoff eller stoffblan-
dingar som inneheld 16 vektprosent eller meir nitrogen
frå ammoniumnitrat. Denne avgrensinga er vedteken som
ein del av norsk rett 17. november 2011 gjennom REACH¹.
Det er berre profesjonelle brukarar lista opp i REACH
vedlegg XVII punkt 58 som kan få tilgang. Det er forbode
å omsetje stoff og stoffblandingar med 16 vektprosent
nitrogen eller meir frå ammoniumnitrat til privatpersonar
eller andre enn dei som er opplista i REACH.

Ei ny inndeling av varenummer i tolltariffen vil gje
styresmakten oversikt over innførsel av produkt som er
underlagde avgrensinga i REACH, og gje betre grunnlag
for kontroll av verksemdene som importerer. Det vil også
liggje betre til rette for å avdekkje mistenkjelege trans-
aksjonar og aktørar som ikkje er profesjonelle brukarar
etter REACH.

Meir informasjon om tiltak for å hindre at kjemika-
liar som kan brukast til å lage bomber, hamnar i urette
hender, finst på www.dsb.no/bombekjemikalier

Meir informasjon om tolltariffen 2013 finst på
www.toll.no

1. Forskrift 30. mai 2008 om registrering, vurdering, godkjenning og
begrensninger av kjemikalier (REACH)